

## Klimafilm > Klimaavtalar

Det har funne stad forhandlingar under FNs klimakonvensjon om ein internasjonal klimaavtale i snart 20 år. Søkalla byrdefordeling er enno eit sentralt stridstema i forhandlingane. Kor mykje skal kvart land kutte i utslepp av klimagassar, og kven skal betale? I denne filmen følgjer vi klimaaktivisten Lan Marie Nguyen Berg ein dag, og vi får vite meir om klimaavtalar, klimaforhandlingar, tiltak for å redusere utslepp og korleis ungdom kan engasjere seg.

### Oppgåver før du ser filmen

1. Korleis har den globale gjennomsnittstemperaturen endra seg dei siste 100 åra?
2. Korleis har det totale CO<sub>2</sub>-utsleppet i verda endra seg i den same perioden?
3. Nemn minst fem land som har store utslepp av CO<sub>2</sub> i dag?
4. Kvifor trur du det er vanskeleg å få forhandla fram gode internasjonale klimaavtalar?

### Oppgåver til filmen

1. I 1992 i Rio blei FNs klimakonvensjon underskriven av dei fleste av FNs medlemsstatar. Vidare blei Kyoto-protokollen forhandla fram i Kyoto i Japan i 1997. Beskriv med eit par setningar hovudinnhaldet i desse to avtalane.
2. Kvifor var det ei stor ulempe at USA ikkje ville skrive under Kyoto-protokollen?
3. Utviklingsland som har skrive under Kyoto-protokollen, har mindre konkrete forpliktingar om å redusere utslepp enn rike land. Ein del av desse utviklingslanda, som Kina og India, har i dei siste åra hatt stor økonomisk vekst og stor auke i utslepp av CO<sub>2</sub>. Kvifor trur du det kan bli vanskeleg å få desse landa med på ein ny klimaavtale?
4. Mange fattige land har små utslepp av klimagassar, men blir ramma hardt av klimaendringane. Kva for krav har desse landa til verdssamfunnet?
5. Gi eksempel på nokre politiske vedtak i Noreg som kan redusere klimagassutslepp.
6. Korleis klarte Noreg å oppfylle sine forpliktingar i Kyoto-protokollen?
7. Kva er dei viktigaste resultatane frå klimamøtet i Doha i 2012?
8. Gi eksempel på nokre store utfordringar når vi skal forhandle fram ein ny internasjonal klimaavtale innan 2015.
9. Nemn tre argument for at ungdom bør engasjere seg i

- klimaforhandlingar.
10. Lag din eigen appell om kva som skal til for å bremse global oppvarming.

### Fordjupingsoppgåver

1. Kyoto-protokollen tillèt landa som skal kutte utsleppa sine, å gjere det på andre måtar enn ved berre å redusere utsleppa innanlands. Avtalen opnar for tre mekanismar som skal komme i tillegg til innanlandske tiltak, og som har som formål å gjere det billegare å nå klimamåla. Desse mekanismane er Kvotehandling, Den grønne utviklingsmekanismen (CDM) og Felles gjennomføring (JI).
  - a) Forklar kva desse tre mekanismane går ut på.
  - b) Det er blitt retta ein del kritikk mot mekanismane om at dei ikkje har fungert etter intensjonane. Gi eksempel på kva denne kritikken går ut på.
2. Kvifor er det vanskeleg for USA å ratifisere internasjonale klimaavtalar?
3. Vurder utsegnene under og skriv ein kort tekst som drøftar Kinas og Noregs ansvar når det gjeld utslepp av klimagassar.
  - «Norge står for mindre enn en promille av verdens totale utslipp! I Kina åpnes nesten to kullkraftverk i uken, ett av disse forurensar mer enn alle husstander i Norge til sammen.» (FpU)
  - «Norge slipper ut mer klimagassar per person enn Kina!» (Grønn Ungdom)